

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.12.2016**

### **Handsaming i møtet**

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo presenterte forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular og svarte på spørsmål fra kontrollutvalet.

Det vart gjort nokre mindre endringar i prosjektplanen, ny redigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 9.1.2017. Endeleg timetal for dette prosjektet vert å komme tilbake til.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2» frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og innspel under drøftinga i møtet.
2. Ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 9.1.2017.
3. Det vert førebels akseptert ein samla timeressurs på inntil 465 timer, inkludert opsjon for eventuell presentasjon i Fylkestinget med inntil 6 timer. Endeleg timetal vert å komme tilbake til.
4. Det er ønskjeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen, ber om at han også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioritert.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 04.09.17, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.